
Saksnr: 2019/13-21
Saksbehandlar: Silje Balgaard Lyngstad

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Arbeidsutval delegeringsreglement		03.12.2021

Oppstart av prosess kring revidering av forskrift for økonomisk godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i Vestland fylkeskommune

Forslag til vedtak

1. Arbeidsutval delegering gjev slike føringar i oppstart av arbeidet med revidering av forskrift for økonomisk godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i Vestland fylkeskommune:
.....
2. Arbeidsutval delegering gjev slike føringar i oppstart av arbeidet med revidering av partistøtte og fordelingsnøkkel:
.....

Samandrag

Fylkestinget vedtok september 2020 at arbeidsutval for delegering mellom anna skal legge fram forslag til revidert forskrift om økonomisk godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde. I mars 2021 vedtok fylkestinget at arbeidsutvalet sitt mandat vert utvida til å vurdere endringar kring regulering av partistøtte. I juni 2021 vart det i fylkestinget vedteke at forskrifta skal gjennomgå revidering og vedtakast i løpet av første halvår av valåret når det er fylkestingsval.

For å sikre god prosess og framdrift med dette arbeidet vert arbeidsutval for delegering i oppstartsfasen bede om å legge føringar for kva som skal vere gjenstand for revidering.

Rune Haugsdal
fylkesdirektør

Ingrid Kristine Holm Svendsen
avdelingsdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Forskrift for økonomisk godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i Vestland fylkeskommune
- 2 PS 19/19 - Fordelingsnøkkel for partistøtte i Vestland fylkeskommune (saksframlegg)
- 3 PS 19/19 - Fordeling av partistøtte i Vestland fylkeskommune - saksprotokoll

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I fylkestinget september 2020 vart det i sak PS 111/2020 Reglement for folkevalde organ og delegering fatta slikt vedtakspunkt 3:

«3. Fylkestinget ber utvalet beståande av:
-Tor Andre Ljosland (leiar)
-Aleksander Øren Heen
-Silja Ekeland Bjørkly
halde fram arbeidet med følgjande mandat:
Utvalet skal leggje fram forslag til revidert reglement for folkevalde organ og delegering, forskrift om økonomisk godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde og etisk regelverk.»

Det vart i fylkestinget i mars 2021 i sak PS 4/2021 gjeve utvida mandat til utvalet:
«Arbeidsutvalet sitt mandat vert utvida til å vurdere endringar kring regulering av partistøtte. Fordelinga ligg fast i innværende periode.»

I fylkestinget juni 2021 i PS 68/2021 vart følgjande formulering tatt inn i forskrift for økonomisk godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i § 1-1 tredje ledd:

«Forskrifta skal gjennomgå revidering og vedtakast i løpet av første halvår av valåret når det er fylkestingsval.»

Neste fylkestingsval er hausten 2023. Dette inneber at forskrifta må reviderast og vedtakast med siste frist på Vestland fylkesting sitt tingsete i juni 2023. Dette betyr at det er naudsynt å allereie no starte prosess med revidering av forskrifta og partistøtta.

Forskrift for økonomisk godtgjersle og arbeidsvilkår for folkavelde i Vestland fylkeskommune bygger i hovudsak på politiske føringar, og innehar såleis eit breitt handlingsrom for dei folkevalde når det kjem til rettar og plikter. For at fylkesdirektøren skal kunne legge fram forslag til revidert forskrift er det ein føresetnad at arbeidsutvalet legg føringar for kva som skal vere gjenstand for revidering. Desse føringane vil gje grunnlag for den vidare saksutgreiinga.

Arbeidsutval for delegering vert særleg beden om å gje føringar på:

- Berekningsgrunnlaget
- Frikjøpsordninga
- Partistøtta - fordelingsnøkkel

Berekningsgrunnlaget i forskrifta, slik ho er i dag, har sitt grunnlag i stortingsrepresentantane si årlege godtgjering. Denne har vore fryst sidan mai 2019 på grunn av revidering og gjennomgang frå Stortinget sin lønnskommisjon (frå 01.10.21: Stortinget sitt godtgjeringsutval). Dette inneber at dei ulike satsane i forskrifta i Vestland fylkeskommune ikkje har hatt ei årleg aukiing (lønnjustering) som følge av at den heller ikkje har vore justert på hjå stortingspolitikarane. Endeleg resultat av arbeidet til Stortingets si godtgjeringsutval er enda ikkje vedteke. Fylkesdirektøren har vore i kontakt med sekretariatet til Stortingets sin godtgjeringsutval for å få eit estimat på når ein kan forvente at arbeidet er ferdig. Det vert opplyst at arbeidet nærmar seg slutten, men at det ikkje er mogleg å gje ein konkret dato for behandling. Innstillinga frå lønnskommisjonen skal først opp til behandling i presidentskapet før den til slutt kjem til behandling i Stortinget. Det er venta at vi vil finne meir konkret informasjon om behandlingsprosess i løpet av desember 21/januar 22. Fylkesdirektør vil følge sluttarbeidet tett og oppdatere arbeidsutvalet når endeleg vedtak i Stortinget er klart.

Rettsleg utgangspunkt for endring av forskrift

Forskrift for økonomisk godtgjersle og arbeidsvilkår for folkavelde i Vestland fylkeskommune er heimla i kommunelova § 8-3 og § 8-4. Det er fylkestinget som sjølv skal gje forskrift i tråd med krava i paragrafane. Forskrift skil seg frå reglement fordi ein ved bruk av forskrift må halde seg innafor formkrav til utgreiing, høyring, oppsett, publisering og tilgjengeliggjering. Det er forvaltningslova kap. VIII som regulerer formkrav og prosess kring vedtaking av forskrift. Det følger av forvaltningslova § 37:

«Forvaltningsorganet skal påse at saken er så godt opplyst som mulig før vedtak treffes.

Offentlige og private institusjoner og organisasjoner for de erverv, fag eller interessegrupper som forskriftene skal gjelde eller gjelder for eller hvis interesser særlig berøres, skal gis anledning til å uttale sig før forskriften blir utferdiget, endret eller

opphevet. Så langt det trenges for å få saken allsidig opplyst, skal uttalelse også søkes innhentet fra andre.

Forvaltningsorganet bestemmer på hvilken måte forhåndsvarslingen skal foregå og kan sette frist for å gi uttalelse.

Forhåndsvarsling kan unnlates forsåvidt den:

- a) ikke vil være praktisk gjennomførlig, eller
- b) kan vanskeliggjøre gjennomføring av forskriften eller svekke dens effektivitet, eller
- c) må anses åpenbart unødvendig.

Uttalelser skal gis skriftlig. Forvaltningsorganet kan i den enkelte sak samtykke i at uttalelse gis muntlig. Når saken egner seg for det, kan forvaltningsorganet bestemme at forhandlinger om saken skal foregå i møte.»

Fvl. § 37 syner til at også endringar/revidering og krev ein høyringsprosess. Brot på fvl. § 37 første og annet ledd kan føre til at forskrifta vert ugyldig etter fvl. § 41. Det vert presisert at mindre endringar slik som vert vedteke i juni 2021 fell inn under § 37 fjerde ledd bokstav c.

Kven skal vere høyringsinstans?

I forskrifta § 1 anna ledd går det fram at «*Forskrifta gjeld for folkevalde medlem og varamedlem av fylkestinget og andre fylkeskommunale organ som har heimel i kommunelova eller særlov, og organ kor medlem er oppnemnd av eller etter fullmakt frå fylkestinget. I tillegg gjeld reglementet for fylkeskommunane sine tillitsvalde i fylkeskommunale organ.*»

Det er fylkesdirektøren si vurdering at alle som er omfatta av § 1 anna ledd vert å sjå som høyringsinstans.

Når i prosessen må høyringa annonserast?

Føremålet med fvl. § 37 er at dei som skal vere høyringsinstans, og vert varsla, skal ha ein reell moglegheit til å påverke innhaldet og utforminga av forskrifta. I kravet om moglegheit til å uttale seg må difor ligge at høyringsinstansane skal varslast når arbeidet med forskrifta er under førebuing, og bli underretta om høve til å gje uttale før arbeidet er slutt og ferdig utkast er klart. Lova gjev ingen indikasjon på kva form saka skal presenterast. Det vanlege er at det førebuinge organet lagar eit utkast til forskrift som kan brukast som grunnlag for høyringsinstansen sin uttale, men det skal gå klart fram at dette er eit førebels utkast i påvente av høyringsuttalane. Fylkesdirektøren rår til at høyringa vert annonsert etter første behandling i arbeidsutval for delegeringsreglement og fylkesutvalet i mars 2022.

Kor lang skal høyringsfristen vere?

Fristen skal som utgangspunkt vere lang nok til at høyringsinstansen og forvaltninga har eit utgangspunkt å halde seg til. Ved fastsettinga av frist skal ein ta omsyn til kor viktig saka er og kor mykje den hastar. Fvl. § 37 sett altså ikkje ein spesifikk frist.

I følgje Utredningsinstruksen (Instruks om utgreiing av statlege tiltak, fastsett ved kongeleg resolusjon 19. februar 2016 med heimel i instruksjonsmyndigheita) pkt. 3.3 første ledd siste punktum, skal høyringsfristen ved førebuinga av statlege forskrifter normalt vere tre månader og ikkje mindre enn seks veker, med mindre «*spesielle forhold gjør det nødvendig*».

Forskrift om godtgjersle er eit sentralt høve ved dei folkevalde sitt virke i fylkeskommunen. Gitt at arbeidet med revideringa startar i løpet av vinter/vår 2022 er det fylkesdirektøren si tilråding at høyringsfristen vert satt til 3 månader i tråd med utgreiingsinstruksen beskrive over.

Vedtakskompetanse

Arbeidsutval delegering har kompetanse etter vedtak i fylkestinget.

Vurderingar og verknader

Økonomi: revidering av forskrift for økonomisk godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i Vestland fylkeskommune samt endring av partistøtte vil kunne ha innverknad på økonomien.

Klima: Ikkje relevant.

Folkehelse: Ikkje relevant.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi): Ikkje relevant.

Konklusjon

Fylkesdirektøren ber arbeidsutval for delegering om å legge føringar for det vidare arbeidet med revidering av forskrift for økonomisk godtgjersle og arbeidsvilkår for folkavelde i Vestland fylkeskommune.